

Velkommen til
Voss vidaregåande skule
Skuleåret 2026/27



Velkomen til Voss vidaregåande skule

Alle elevar møter
måndag 17. august
i Voss vgs sin idrettshall
Vg1: kl. 09:00
Vg2 og vg3: kl. 10.30

Velkomen frå rektor

Voss vidaregåande skule er ein regionskule med eit breitt fagtilbod – ein stad der lærevillige elevar kan utvikla seg både fagleg og sosialt. Me tilbyr yrkesfaglege og studiespesialisierende utdanningsprogram, arbeidstrening og eit velutvikla internasjonalt samarbeid med skular og arbeidsplassar i heile Europa.

Me er opptekne av å gi alle elevar ei god og framtidsretta utdanning. Difor sørgjer me for at læremiddel, utstyr og undervisningsarenaer er moderne og stimulerande.

Voss vgs er ein av dei største yrkesfaglege skulane i indre Vestland, med om lag 400 elevar og tilbod innan fem av dei åtte yrkesfaglege utdanningsprogramma. I tillegg tilbyr me studieførebuande utdanning med moglegheit for både generell og spesiell studiekompetanse.

Med utgangspunkt i skulen sin visjon – attraktiv og framtidsretta – arbeider me for at læringsmiljøet og det sosiale miljøet skal vera godt tilpassa alle elevar. All undervisning, både teori og praksis, skal ha høg kvalitet og rusta elevane til å møte arbeidslivet sine krav.

Voss vgs tek mål av seg å vera eit akademi for kloke hender og kreative hjernar. Me ønskjer å utdanna morgondagens beste fagarbeidarar, og sikra at elevane fullfører og består med brei kompetanse – for arbeidsliv og vidare studiar.

Eg ynskjer deg hjarteleg velkomen som elev ved Voss vidaregåande skule!

Med venleg helsing

Magnhild Hakestad

Rektor

Generell info til deg som er ny ved Voss vidaregåande skule:

Internat

Rogne Internat tilbyr hyblar til elevar som ikkje bur på Voss. Informasjon om internattilbodet og søknadsskjema finn du på skulen si heimeside: [Internattilbod ved skulen](#)

Kantine

Voss vgs har ein stor og moderne kantine. Alle elevar får gratis frukost kvar dag. Det er også mogleg å kjøpa lunsj og middag måndag–fredag.

Skuleskyss

Har du hatt skuleskyss tidlegare? Ta med skysskortet på skulen – du får pålimt ein ny oblat. Ny skuleskyss (bur 6 km eller meir frå skulen)? Søk sjølv her: [Skuleskyss](#)

Ungdomsbillett

Elevar mellom 16 og 21 år kan nytta Skyss sin ungdomsbillett på buss, tog, bybane og ferjer. Les meir: Ungdomsbillett på [Kom deg rundt med ungdomsbillett](#)

Elev-PC

Alle elevar i vidaregåande skule må ha eigen PC. Gjennom Vestland fylkeskommune kan du få kjøpa PC til redusert pris. Les meir: www.vestlandfylke.no/elevpc

Garderobe og bokskap

Alle elevar får tildelt eitt bokskap og eitt garderobeskap. Hugs å ta med eigen hengelås til begge skapa.

Stipend og utstyrsstipend

Som elev i vidaregåande skule har du rett til stipend frå Lånekassen. Utstyrsstipendet skal særleg dekkja personleg verneutstyr og anna nødvendig utstyr i opplæringa. Les meir og søk her: www.lanekassen.no

Lærebøker

Du låner alle lærebøker gratis ved skulen sitt bibliotek. For å få lånekort må du signera ein elektronisk lånekontrakt, som du finn under her: [Lånekontrakt](#)

Helseteneste

Skulen har eiga helseteneste med kontor på skulen. Ta gjerne kontakt dersom du treng hjelp eller ein prat.

Skulerute og timeplanar

Informasjon om skuleruta og timeplanar finn du på: www.voss.vgs.no

Skulereglar

Felles skulereglar for Vestland fylkeskommune finn du her: [Forskrift om skulereglar](#)

Har du spørsmål?

Ta kontakt med oss på e-post eller telefon – me hjelper deg gjerne!

Meir informasjon finn du på skulen si heimeside: www.voss.vgs.no